



Innst. S. nr. 91

(2008–2009)

Innstilling til Stortinget fra transport- og kommunikasjonskomiteen

St.prp. nr. 21 (2008–2009) kap. 456 og kap. 3456

Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om endringer i statsbudsjettet for 2008 under Justis- og politidepartementet

Til Stortinget

SAMMENDRAG

Kap. 456 Direktoratet for nødkommunikasjon

I St.prp. nr. 1 (2008–2009) blei det gjort greie for at leverandøren er forseinka i sin leveranse av Nødnett. Alle etatar har hatt meirutgifter i forbindelse med sine delprosjekt som følgje av leverandøren si forseinking.

Post 1 Driftsutgifter

Løyvinga under post 1 dekkjer staten sine kostnader til drift av Direktoratet for nødkommunikasjon (DNK) og kostnader til drift til leverandør for dei områder som blir bygd ut og satt i drift i 2007 og 2008. Justisdepartementet har i 2008 budsjettet med inntil 17,5 mill. kroner på kap. 456 post 1 til å dekkje delar av meirkostnadene knytt til forseinkinga. Det blei bestemt at midlane skulle delast likt mellom etatane, dvs. 5,833 mill. kroner til kvar etat. Politietaten vil nytte sin del av refusjonen til dekning av meirutgifter til drift i sitt delprosjekt. Brannetaten vil nytte 4,355 mill. kroner på post 1 og 1,478 mill. kroner på post 45. Helseetaten vil nytte heile sin del av beløpet på post 45. Etatane sine ønskje om å nytte refusjonar på post 45 blir forklart med at dei ønskjer å nytte midlane til nødvendige endringar i kommunikasjonsentralar for eigen etat som del av tilleggskontrakten inngått med leverandør i sommar.

På denne bakgrunn foreslår Justisdepartementet å omdisponere 7,311 mill. kroner frå kap. 456 post 1 til kap. 456 post 21.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga under post 45 skal dekkje investeringar i radionett, utstyr til nødetatane sine kommunikasjonsentralar og terminalar for første utbyggingsområde.

Med bakgrunn i leverandøren sine forseinkingar på om lag eit år og endringane i kontrakten, foreslår Justisdepartementet ein reduksjon av løyvinga på kap. 456 post 45. Løyvinga på posten relatert til Nødnett blir foreslått redusert med totalt 273,561 mill. kroner.

DNK har varsla at dei i samband med dekning av deler av meirutgiftene til nødetatane har behov for å nedjustere løyvinga på kap. 456 post 1 med ei samanfalle oppjustering av kap. 456 post 45. Justisdepartementet foreslår derfor å omdisponere 7,311 mill. kroner frå kap. 456 post 1 til kap. 456 post 45.

Samla foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga på kap. 456 post 45 med 266,25 mill. kroner i 2008.

Kap. 3456 Direktoratet for nødkommunikasjon

I samband med første utbyggingsområde av Nødnett vil det oppstå utgifter for DNK som skal bli refundert av leverandøren.

Basert på forseinkinga i utbygginga reknar DNK med refusjonar i 2008 på 16,253 mill. kroner. Gjeldande løyving under kap. 3456 post 2 er 21,253 mill. kroner, noko som utgjør eit mindrebehov på 5 mill. kroner.

På denne bakgrunn foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga på kap. 3456 post 2 med 5 mill. kroner i 2008.

KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Karita Bekkemellem, Eirin Faldet, Irene Johansen, Torstein Rudihagen, Tor-Arne Strøm og Truls Wickholm, fra Fremskrittspartiet, Bård Hoksrud, lederen Per Sandberg og Arne Sortevik, fra Høyre, Øyvind Halleraker og Trond Helleland, fra Sosialistisk Venstreparti, Hallgeir H. Langeland, fra Kristelig Folkeparti, Jan Sahl, fra Senterpartiet, Jenny Klinge, og fra Venstre, Borghild Tenden, har merket seg at utbyggingen av Nødnett er om lag ett år forsinket i forhold til opprinnelig framdriftsplan på grunn av leverandørens forsinkelser og endringer i kontrakten. På denne bakgrunn foreslår Justisdepartementet i proposisjonen endringer i statsbudsjettet for 2008 på kap. 456, post 45.

Komiteen har merket seg at forsinkelse medfører utbyggingen av fase 1 ikke er ferdig før i løpet av 2009, og at alle etatene har hatt merutgifter i forbindelse med sine delprosjekter som følge av leverandørens forsinkelse.

Komiteen viser til Stortingets vedtak ved behandlingen av Innst. S. nr. 104 (2006–2007), jf. St.prp. nr. 30 (2006–2007), der det ble samtykket i at Justis- og politidepartementet gis fullmakt til å

- "1. inngå kontrakt om leveranse av nytt digitalt nødnett for igangsetting av utbygging av et første utbyggingsområde innenfor en kostnadsramme på 900 mill. Første utbyggingsområde omfatter politidistriktene Follo, Romerike, Oslo, Asker, og Bærum, Søndre Buskerud og Østfold.
2. inngå kontrakt om leveranse for utbygging av resten av landet med forbehold om at landsdekkende utbygging ikke kan igangsettes før evaluering av første trinn er gjennomført og Stortinget eventuelt har vedtatt videre utbygging."

Komiteen tar til orientering fordelingen av budsjetterte midler mellom etatene til dekning av deler av merkostnadene knyttet til forsinkelsene.

Komiteen slutter seg til forslag til bevilgninger.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet vil peke på at det er svært urovekkende at innføringen av 1. første byggetrinn av det nye nødnettet nok en gang blir forsinket. Disse medlemmer vil videre peke på at Regjeringen i forbindelse med alle utsettelsene har vært svært seint ute med å holde Stortinget orientert om alle forsinkelsene. Disse medlemmer vil også peke på at Fremskrittspartiet har vært kritisk til flertallets valg av teknologi for nødkommunikasjon. Disse medlemmer mener at alle forsinkelsene med all tydelighet har vist at denne kritikken er berettiget.

Disse medlemmer vil likevel peke på at når det nå er valgt en løsning, er det avgjørende at 1. byggetrinn nå blir ferdigstilt og tatt i bruk slik at den varslede evalueringen etter 1. byggetrinn kan komme i gang. Disse medlemmer mener også at utbyggingen i resten av landet må starte opp så raskt som mulig etter at evalueringen av 1. byggetrinn er ferdig. Dette er svært avgjørende fordi dagens nett er avleggs og burde vært skiftet ut for lang tid siden.

Disse medlemmer vil også peke på at det nå kan synes som om at det ligger an til langt høyere kostnader i forbindelse med innføringen av det nye nettet enn det som var forutsatt da Stortinget vedtok utbyggingen. Disse medlemmer vil her peke på at beregninger som er foretatt av Nedre Romerike brannvesen, kan tyde på at merkostnadene for kommunene kan komme opp i 75 pst. Disse medlemmer vil peke på at dette er langt ut over forutsetningene som lå til grunn ved Stortingets behandling.

Disse medlemmer vil derfor fremme følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen i forbindelse med evalueringen av 1. byggetrinn av Nødnett å gjennomgå kostnadene for å vurdere om den enkelte etats og kommunes kostnader er ut over Stortingets forutsetninger, og å komme tilbake til Stortinget med en sak om hvordan merutgiftene skal finansieres."

FORSLAG FRA MINDRETALL

Forslag fra Fremskrittspartiet:

Stortinget ber Regjeringen i forbindelse med evalueringen av 1. byggetrinn av Nødnett å gjennomgå kostnadene for å vurdere om den enkelte etats og kommunes kostnader er ut over Stortingets forutsetninger, og å komme tilbake til Stortinget med en sak om hvordan merutgiftene skal finansieres.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

v e d t a k :

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgende endringer:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
456		Direktoratet for nødkommunikasjon	
	1	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 440 post 1, kap. 451 post 1, kap. 720 post 1 og kap. 732 post 72</i> , vert redusert med	7 311 000
		frå kr 88 776 000 til kr 81 465 000	
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 440 post 1, kap. 451 post 1, kap. 720 post 1 og kap. 732 post 72</i> , vert redusert med	266 250 000
		frå kr 428 672 000 til kr 162 422 000	
Inntekter			
3456		Direktoratet for nødkommunikasjon	
	2	Refusjonar, vert redusert med	5 000 000
		frå kr 21 253 000 til kr 16 253 000	

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 4. desember 2008

Per Sandberg
leder

Irene Johansen
ordfører

